



Austevoll kommune

Selskapskontroll – forvaltning av eigarskap

Rapport

This proposal is made by KPMG AS, the Norwegian member firm of KPMG International, and is in all respects subject to the negotiation, agreement and signing of a specific engagement letter or contracts.

Innhald

1	Innleiing	3
2	Fakta – oversyn over eigarskapsinteresser	4
3	Våre vurderingar	7
4	Uttale frå rådmannen og kommentar frå revisjonen	8
4.1	Uttale frå rådmannen	8
4.2	Kommentar frå revisjonen	8
	Vedlegg	9

1 Innleiing

I sak 16/09 – ”oppstart av prosjekt innanfor plan for selskapskontroll” – tinga kontrollutvalet eit prosjekt med vurdering av eigarskapsforvaltninga i Austevoll kommune. Arbeidet skulle bli gjennomført i tråd med utarbeidd prosjektskildring. Av prosjektskildringa går det fram:

”I saksframlegget heiter det ... ”for å få eit godt grunnlag for selskapskontrollar seinare år, kan det vera aktuelt å starte planarbeidet med å undersøkje korleis kommunen i praksis utøvar eigarskapen sin”.

Dette prosjektet er soleis ikkje en ordinær selskapskontroll retta mot drift og forvaltning i eit eller fleire selskap. Føremålet er å undersøkje den generelle eigarskapsforvaltninga i kommunen; korleis kommunen tek i vare sitt eigarskap?

Hovudproblemstillinga i prosjektet vil vere:

- I kva grad er det etablert ein kommunal internkontroll for å sikre at kommunen sine interesser og føresetnader for eigarskap i selskap vert teken i vare?

Sentrale underpunkt vil vere:

- Oversyn over eigarskap.
 - § Kva tyar eigarskap har kommunen, t.d. forretningsmessig motivert, ikkje økonomisk motivert?
- Oppfølging av selskap.
 - § Innhenting av informasjon frå selskap.
 - § Ulik oppfølging ut i frå motiv for eigarskap og eigardel?
- Utnemning og opplæring av kommunale representantar i selskap.
- Intern kommunalt ansvar for oppfølging av selskap.
- Intern kommunal informasjonsspreiing kring eigarskap og informasjon om selskap.”

Austevoll kommune har direkte eigarinteresser i 16 selskap. Rapporten er bygd opp med ein faktadel som syner kommunen sin eigardel i kvart av selskapa, samt ein nærare omtale til selskapet og eigardelen. I tillegg vert kommunen sine rutinar for eigarskaputøving presentert.

Dernest vert fakta vurdert opp i mot revisjonskriteria. Dette for å etterprøve om det er samsvar mellom kommunen sine rutinar og krav til rutinar/internkontroll slik desse går fram av kriteria.

Revisjonskriteria er presentert i vedlegg 1.

Opplysningar til denne selskapskontrollen er henta ved dokumentanalyse og intervju. Opplysningar er henta frå kommunerekneskapa for 2008, arkivsak 08/435, kommuneloven¹ og intervju/samtalar². Dokument som er brukt i dokumentanalysen er det fortløpande gjeve referanse til.

¹ Lov om kommuner og fylkeskommuner, 25. september 1992. Nr. 107.

² Tidlegare økonomisjef i kommunen.

2 Fakta – oversyn over eigarskapsinteresser

I dei selskapa som Austevoll er inne i, er ikkje eigarskapen bedriftsøkonomisk motivert. Eigarskapen er knytt til samfunnspolitiske/praktiske samarbeidsopplegg. Austevoll har eigarskap i fylgjande selskap:

Selskap	Bokført verdi *	Eigardel	Omtale
Austevoll Bruselskap AS	98 000	49 %	Formålet med selskapet er å bygge bru og vei i Austevoll.
Sunnhordland interkommunale miljøverk IKS		8 %	Interkommunalt selskap. Stifta for å ta seg av buss. Kommunen ville ha eit eige bussbrenneri for å ta seg av renovasjon i kommunen. Dei fleste kommunar i sunnhordland er med.
Sim næring AS			Eit dotterselskap av Sunnhordland interkommunale miljøverk IKS. Kommunen representert gjennom styrerepresentant.
Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS		Liten	Her vart Austevoll kommune med for å ta seg av gamle arkivsaker.
Samarbeidsrådet for sunnhordland IKS		12,50 %	Interkommunalt samarbeid, gjeld både planlegging og tiltaksarbeid. Samarbeidet famnar om område som planlegging, samferdsel, reiseliv, omdømmebygging. Selskapet er og ein viktig politisk aktør, både overfor fylke og Storting. Her betalar Austevoll kommune ein medlemskontigent på kr 100 000,- pr år.
Business region Bergen AS	20 000	Liten	Eit interkommunalt selskap som vart starta i fjor for å drive med næringsutbygging. Består av ein aksjepott, samt å betale eit årleg tilskot. Medeigar for å støtte opp om lokal næringsverksemd i Bergen og omegn.
Biblioteksentralen AL BA	900	Liten	Interkommunalt. Gammalt eigarskap, har vore med lenge.
Austevoll Kraftlag BA	153 000	Liten	Formålet her er å bygge ut straum i Austevoll. Starta opp i slutten av 1990-åra. Austevoll kjøpte ein del andelar. Alle innbyggjarar i Austevoll Kommune er tilknytta. Avgrensa ansvar.
Austevoll Arbeidssamvirke AS	100 000	100 %	Dette selskapet vart starta med HVPV-reforma på byrjinga av 1990-talet. Formålet er å tilretteleggje arbeid for funksjonshemma og psykisk utviklingshemma. Austevoll

Selskap	Bokført verdi *	Eigardel	Omtale
			Kommune eig her 100 % av aksjane, og betaler årleg ca 2 millionar kroner.
Sunnhordland Bru- og tunnelselskap AS	70 000	Liten	Selskapet har bygd Trekantsambandet (Bømlo, Stord, Fitjar). Kommunen teikna aksjar her for å støtte opp om prosjektet. Drifta i selskapet no består i å krevje inn bompengar for å betene gjeld.
Slab AS		Liten	Selskapet vart stifta for ein del år tilbake, og formålet er å ta vassprøver, mattilsyn osv. Selskapet sele tenester til næringslivet.
Tide ASA	3600	Liten	Aksjane i selskapet vart selt for ca eit år sidan. Motivet for eigarskap var i si tid eigarskap i gamle Hardanger Dampskipsselskap, for betre transporttilhøve.
Austevoll Vatn og Avløp BA			Kommune- og samvirke der alle som har vatn og avløp er medeigarar. Formålet for å starte selskapet var å privatisere vatn- og avløp. 1.1.1993 overdrog kommunen vass- og avløpsanlegg. Selskapet står for utbygging av vass og avløp i Austevoll.
Selbjørnsfjordtunnelen AS			Dette er eit nytt selskapet som arbeider for tunnel Selbjørn, Fitjar og Austevoll. Kommunen er med for å støtte opp om prosjektet.
Stad Skipstunnel	15 000		Kommunen er medeigar for å støtte ei god sak – sjøfart langs kysten.
Austevoll Kart AS	250 000		Starta for å få til ei privatisering av oppmålingsverksemd. Austevoll Kraftlag og Austevoll kommune eig 50 % kvar. Drifta i selskapet er knapt nok kome i gong. Kommunen kan her kjøpe tenester til oppmåling, til dømes i samband med frådeling av eigedom.
Regionrådet Bergensregionen IKS			Dette er eit samarbeid mellom 11 kommunar rundt Bergen. I utgangspunktet har dette selskapet same føremål som Samarbeidsrådet for sunnhordland IKS, men det har ikkje vore like stor aktivitet i dette selskapet.
*Kommunerekneskapen 2008			

Rutinar for eigarskaputøving

Deltaking på generalforsamling

Det har vore vanleg praksis³ at formannskapet kvart år vel kommunen sine utsendingar til generalforsamlingar/årsmøte i dei aksjeselskapa og andre selskap der kommunen er aksjonær eller andelseigar.

Ordførar deltek enten sjølv på generalforsamling, eller den han gir fullmakt til deltek. Det er ikkje alltid kommunen deltek på generalforsamling, til dømes reiser ein ikkje til Oslo på generalforsamling i Biblioteksentralen.

Dersom kommunen har styremedlem i dei ulike selskapa, vert desse valt på kommunestyre. I fylgjande selskap har kommunen styremedlemmer:

- Sim Næring AS
- Austevoll Kart AS
- Selbjørnsfjordtunnelen AS
- Austevoll Arbeidssamvirke AS
- Sunnhordland interkommunale miljøverk IKS
- Austevoll Bruselskap AS

I desse tilfella er det kommunen som oppnemnar styremedlemmer. Det kan og være at selskapa vel styremedlemmer frå kommunen. Det skjer lite i forhold til opplæring.

Informasjon frå selskap

Her fylgjer ein journalen, det vil seie at informasjonen går til den som skal ha den. Dersom informasjon skal til ordførar går den dit, og administrative saker går til den aktuelle sakshandsamar.

Oppfølging eigarskap

Austevoll Arbeidssamvirke; her fylgjer kommunen aktivt opp. Her er det kommunestyret som er generalforsamlinga. Styrerepresentantar kan stille spørsmål, og dersom det er viktig vert det handsama i kommunestyret.

Sunnhordland bru-og tunnelselskap; dersom det til dømes vert spørsmål om søknad om bompengar, vert dette ofte tatt opp i kommunestyret.

Austevoll Bruselskap AS og Selbjørnsfjordtunnelen AS; her fylgjer ordførar aktivt opp.

I dei andre selskap er det ingen spesielle som fylgjer opp. Dette kjem mest på grunn av at det ikkje er så stor aktivitet i mange av selskapa, ein fylgjer gjerne betre opp når selskapa er i oppstartsfasen, og ikkje så mykje dersom det til dømes berre er innkrevjing av bompengar som føregår i selskapet.

³ Val av kommunen sine utsendingar til generalforsamling/årsmøter I. arkivsak nr 08/435

3 Våre vurderingar

Etter kommuneloven skal Austevoll kommune si verksemd, inkludert eigarskapsforvaltninga, vere “*gjenstand for betryggende kontroll.*”

Det er ikkje krav om at rutinar og retningslinjer skal vere skriftlege, men det er eit krav at kommunen skal ha tilfredstillande internkontroll.

Ser ein kommunen sine eigardelar i selskap, er desse i det vesentlege knytt til å ta i vare eit samfunnsansvar. Det ligg ikkje føre eigarskap som er direkte økonomisk motivert. Etter vår vurdering inneber dette at det ikkje er påtrengande at kommunen har eigne formaliserte rutinar for eigarskapsforvaltning, eller eigne rutinar for å kunne ta i vare ulike typar av eigarskap.

Type eigarskap inneber vidare, etter vår vurdering, at kommunen sitt eigarskap ikkje er knytt til område som medfører høg risiko for svært uønska konsekvensar. Til dømes risiko for at verksemda ikkje tek i vare krav knytt til mellom anna:

- liv og helse
- sikring av vesentlege verdiar
- brukarrettar - oppfylling og kvalitet

Tek ein omsyn til type eigarskap kommunen har, risikobildet for eigarskapen samt det systemet kommunen har for ivaretaking, er det kort oppsummert vår vurdering at kommunen pr. i dag har tilstrekkeleg internkontroll for å sikre ein forsvarleg forvaltning av sitt eigarskap. Det tilhøvet at system og rutinar i mindre grad er formelt og skriftleg, er ikkje kritikkverdig i høve til kommuneloven som ikkje set krav om skriftleg internkontrollsystem.

Samstundes er det vår vurdering at kommunen bør etablere tilpassa rutinar for ivaretaking av eigarskap dersom kommunen går inn i / etablerer selskap ut i frå markedsmessige eller bedriftsøkonomiske omsyn.

4 Uttale frå rådmannen og kommentar frå revisjonen

4.1 Uttale frå rådmannen

Rådmannen har fylgjande uttale til rapporten:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS har eit meir omfattende føremål enn det som går fram av fakta delen av rapporten.

Det interkommunale samarbeidet famnar og om område som planlegging, samferdsel, reiseliv, omdømmebygging.

Selskapet er og ein viktig politisk aktør, både overfor fylke og Storting.

Austevoll kommune er og med i Regionrådet Bergensregionen IKS. Dette er eit samarbeid mellom 11 kommunar rundt Bergen.

I utgangspunktet har dette selskapet same føremål som Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS, men det har ikkje vore like stor aktivitet i dette selskapet.

Rolf E. Nøstdal
17.11.2009

4.2 Kommentar frå revisjonen

Vi har oppdatert fakta delen av rapporten i samsvar med opplysningane frå rådmannen.

Vedlegg

Nedanfor er vedlagt:

1. Evalueringskriteria

1. Evalueringskriteria

Kommuneloven

Det følger av § 23 at rådmannen har ansvar for internkontroll ... ”administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instruksjer, og at den er gjenstand for betryggende kontroll”.

I lovførearbeida (Ot.prp. 70 (2002-2003)) går det fram at det er i tråd med allment aksepterte leiarprinsipp at ein leiar av ei verksemd etablerer rutinar og system som bl.a. skal bidra til å sikre at organisasjonen når dei mål som er satt, og at formuesforvaltninga er ordna på forsvarleg vis. Administrasjonssjefen har et sjølvstendig ansvar for å føre kontroll med kommunen si verksemd. Det er leiinga i ein organisasjon som har ansvaret for å etablere eit tilfredsstillende internkontrollsystem. Internkontroll blir definert i vidaste forstand som ein prosess, sett i verk og gjennomført av leiarane og tilsette med formål å sikre måloppnåing på fylgjande område; målretta og effektiv drift, påliteleg ekstern rapportering og drift i tråd med gjeldene lover og reglar.